



Statens vegvesen Region vest
Reguleringsplan for fv.57 Skodvin – Vågseidet. Gang- og sykkelveg
Verknader for nærmiljø og friluftsliv

Utgave: 2

Dato: 30.10.2015

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgiver:	Statens vegvesen
Rapporttittel:	Reguleringsplan for fv.57 Skodvin – Vågseidet. Gang- og sykkelveg. Verknader for nærmiljø og friluftsliv
Utgave/dato:	2/ 30.10.2015
Filnavn:	Fv.57 Skodvin - Vågseidet. Nærmiljø og friluftsliv.docx
Arkiv ID	532317-03
Oppdrag:	532317-03–Nærmiljø og friluftsliv fv.57 Skodvin-Vågseidet
Oppdragsleder:	Guro Steine
Avdeling:	Plan og urbanisme Bergen
Fag	Friluftsliv og naturmiljø
Skrevet av:	Guro Steine
Kvalitetskontroll:	Trygve Andresen
Asplan Viak AS	www.asplanviak.no

FØREORD

Statens vegvesen har starta planarbeid for tilrettelegging av tilbud til gåande og syklende på strekningane Skodvin skule – Vågseidet og Lindås – Mongstad langs fylkesveg 57 i Lindås kommune.

Lindås kommune har ikkje stilt krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova. Det skal likevel gjerast ei vurdering av eksisterande forhold og skildrast verknader av planane for miljø og samfunn. Asplan Viak er engasjert til å gjere vurderingane som gjeld nærmiljø og friluftsliv. Barn og unge sine interesser er ein viktig del av dette temaet.

Denne rapporten omhandlar strekninga Skodvin skule – Vågseidet. Statens vegvesen sine kontaktpersonar for oppdraget har vore Eilin Basset og prosjektleiar Svein Lysø.

Guro Steine har vore oppdragsleiar for Asplan Viak.

Bergen, 30. oktober 2015

Guro Steine(sign.)

Oppdragsleiar

Trygve Andresen

Kvalitetssikrar

INNHALD

Samandrag (til planskildring)	3
1 Innleiing.....	5
1.1 Om planarbeidet.....	5
1.2 Gjeldande lovverk og føringar for temaet nærmiljø og friluftsliv	5
1.3 Tiltaka i planen	7
1.4 Metode og kjelder.....	7
2 Dagens situasjon for nærmiljø og friluftsliv	9
2.1 Overordna områdeskildring	9
2.2 Nærmiljø	10
2.3 Friluftsliv.....	13
3 Verknader av planen	16
3.1 Verknader for nærmiljø.....	16
3.2 Verknader for friluftsliv.....	18
3.3 Verknader i anleggsperioden. Rigg- og anleggsområde	19
3.4 Avbøtande tiltak	20

Kartvedlegg:

- Nærmiljøfunksjonar og friluftsliv
- "Barnetråkk", digitaliserte innspel frå barn og unge

SAMANDRAG (TIL PLANSKILDING)

Dagens situasjon

Planområdet ligg i Hundvin-bygda, om lag midtvegs mellom Knarvik og Mongstad (ca. 2 mil kvar veg). Lindås er næraste senter for handel og service, ungdomsskule og idrettstilbod. Avstanden til Lindås er på 8-9 km. Hundvin-bygda er relativt spreidd bygd og omfattar fleire mindre grender frå Leivestad i sør til Vågseidet i nord. Sjølve planområdet ligg i nordre del av bygda, og følgjer eksisterande fv.57 frå Skodvin Montessoriskule til Vågseidet (ca. 3 km).

Fylkesvegen manglar gang- og sykkelveg, og fylkesvegen er ein vesentleg barriere for ferdsel i grendene langs vegen. Ny gang- og sykkelveg er planlagt bygt på vestsida av fylkesvegen, der hovudtyngda av busetnaden ligg. Det ligg bustader langs heile strekninga Skodvin – Løtveit – Gaulen – Våge – Vågseidet. Mange av dei har dårlege avkøyrslforhold. Det einaste konsentrerte bustadfeltet i planområdet ligg på Brundtland, med tilkomst frå fv.57 via Maråsvegen frå Torvena ved Gaulelva. Enkelte bustadhus nær vegen samt delar av utearealet til Skodvin Montessori-skule ligg i gul og rød støysone frå fylkesvegen, medan sjølve skulebygget og bustadfeltet på Brundtland ligg utanfor støysona.

Det viktigaste målpunktet for nærmiljøet i planområdet er Skodvin Montessoriskule. Frå hausten 2015 er Skodvin skule lagt ned, og elevane overført til Lindås barneskule. Langt dei fleste av elevane har likevel valt å starte skuleåret på nye Skodvin Montessoriskule, som held fram i det gamle skulebygget på Skodvin. Planområdet høyrer til Lindås ungdomsskule, medan vidaregåande skule ligg i kommunesenteret Knarvik. Avstandane gjer at mykje av transporten er bilbasert, og dei fleste barn og unge som bur i bygda har krav på skuleskyss.

Dei fleste andre målpunkta for nærmiljøfunksjonar ligg utanfor planområdet. Lindås er næraste tettstad og senter for handel, skule og idrett, medan Konglevoll like sør for planområdet er lokalt senter med butikk mm. for Hundvin-bygda.

Planområdet ligg langs eksisterande veg, og omfattar ikkje område som er i bruk til friluftsliv. Men det ligg fleire viktige tur- og friluftsområde i nærområdet som har tilkomst frå fv.57. Fylkesvegen er såleis ein viktig innfallspørt til friluftsområde i influensområdet. Dei viktigaste er Lindåspollane – Lygra, der Vågseidet er innfallspørt for padleløyper i Lindåsosane og vassdraga rundt, og Fjellsbøheii, som omfattar det lokale turmålet Skausnøya, også med innfallspørt frå Vågseidet/Våge. I tillegg kjem den gamle ferdselsåra og kulturminnet *Den Trondhjemske Postveg*, som går gjennom heile Hundvinbygda frå Trælevikjæ og Nesfossen i sør til Vågseidet i nord (8 km).

Vurdering av verknader av planen

Dei viktigaste verknadene av tiltaka i planen er positive og knytt til trafikktryggleik og betre tilkomst til viktige funksjonar og målpunkt:

- Samanhengande gang- og sykkelveg frå Hundvin til Vågseidet knyter bygda saman i eit trygt alternativ for gåande og syklande på ei strekning med spreidd busetnad og spreidde funksjonar
- Redusert barriereverknad
- Ny planskilt kryssing i bru over fylkesvegen ved Skodvin Montessoriskule gir trygg kryssing av vegen for gåande og syklande i eit utrygt punkt
- Fleire kjem innfor trygg sykkelavstand til viktige målpunkt som skulen og butikken og ungdomshuset på Konglevoll, også bustadfeltet på Brundtland

Ny gang- og sykkelveg vil leggje beslag på areal langs fylkesvegen på heile strekninga. Ingen hus vert direkte råka av gang- og sykkelvegen, men det ligg 3 bustader så nær vegen

at mindre delar av eigeidomen/uteareala nærast vegen går med. Det gjeld gbnr. 91/9 på Skodvin, og 99/17 og 99/27 på Vågseidet. For nærmiljø vert fordelane med trygg gang- og sykkelveg vurdert å vege opp for arealinngrepa.

Ingen friluft- og turområde vert direkte råka. I dag parkerer og går turgåarane langs fylkesvegen for å komme til starten av turvegen til Skausnøya. Gang- og sykkelvegen vil gjere tilkomsten til turområdet Skausnøya/Fjellsbøheii betre og tryggare.

Ny planskilt kryssing i bru ved skulen vil gjere inngrep og varige arealbeslag i utearealet ved skulen. Det må vurderast kompenserande tiltak.

For busetnaden på austsida av vegen og ved busshaldeplassane må ein krysse vegen for å komme til gang- og sykkelvegen. Tilkomsten vil vere dårlegare på strekningar med rekkverk mellom køyreveg og gang-sykkelveg, enn for strekningar utan rekkverk, fordi ein må gå lengre strekning langs vegen før ein kan krysse.

Ved val av alternativ 1 på strekninga Løtveit – Våge vert dei siste 250 - 300 metrane av den historiske postvegen øydelagt. Denne delen av vegen er ikkje i bruk som turveg i dag, og har dårleg tilkomst med lite potensiale for meir bruk, slik at verknaden er meir negativ for kulturminneomsynet enn for nærmiljø og turvegfunksjon. Ved val av alternativ 2 på strekninga Løtveit – Våge vert vegen flytta mot aust og hus/hytte på gbnr. 99/19 vert direkte råka av vegen og må rivast. Gang og sykkelveg bør liggje parallelt med og i nivå med fylkesvegen, uavhengig av om ein vel å ta vare på postvegstrekinga eller ikkje.

Anleggsperioden

Anleggsperioden med anleggsbelte og riggområde langs vegen vil leggje beslag på større areal enn den ferdige gang- og sykkelvegen. Det må reknast med at avkøyrslar, stiar, turvegar og andre nærrområde til vegen kan verte vanskeleg tilgjengelege, lagt om eller stengt i periodar. Det må også reknast med støy i nærrområda til veganlegget, både for skulen, fastbuande, hytteeigarar og turgåarar. I særleg mykje brukte område som Skodvin Montessoriskule og turvegen til Skausnøya må det leggest til rette for trygg ferdsel og bruk av områda gjennom heile anleggsperioden.

Framlegg til avbøtande tiltak

Tiltak for å unngå / redusere negative verknader av planen, eventuelt forsterke positive verknader:

- kompensasjon for arealbeslag og inngrep i utearealet til Skodvin Montessori-skule
- støyskjerming av utearealet ved skulen
- etablering av fortau langs Skodvinsvegen frå busshaldeplassen til skulen
- etablering av parkeringsplass ved skulen
- utvide tidsrommet for redusert fart i sona ved skulen (SFO)
- etablering av brei skulder på strekningar langs vegen der det vert nytta rekkverk mellom køyreveg og gang- sykkelveg, slik at dei som bur på austsida kan gå trygt til næraste kryssingspunkt (spesielt Torvena – Løtveit busshaldeplass)
- vurdere støytiltak for inntil 3 bustader på austsida av vegen dersom val av alternativ 2 på strekninga Løtveit – Våge bringer eigeidomane innafør gul støysone
- Tiltak for å fysisk knytte dei siste 250 – 300 metrane av Postvegen saman med resten av turvegen ved val av alternativ 2 på strekninga Løtveit – Våge, slik at den kan nyttast som turveg
- etablering av parkering på austsida av vegen ved starten av turstien til Skausnøya, uavhengig av riggplass/alternativ 2

1 INNLEIING

1.1 Om planarbeidet

Statens vegvesen skal utarbeide to reguleringsplanar for gang- og sykkeltiltak langs fv.57 i Lindås kommune. Gang- og sykkelveg skal liggje langs eksisterande vegtrase:

- Ein reguleringsplan for gang- og sykkelveg på vestsida av fv.57 mellom Skodvin skule og Vågseidet (ca. 3 km)
- Ein reguleringsplan for gang- og sykkelveg på austsida av fv.57, samt utbetring av vegstandard og kryssløysingar på fv.57 mellom Lindås tettstad og Mongstad (ca. 11 km)

Mellom Vågseidet og Lindås er "gamlevegen" om Fjellangersvingane tenkt å fungere som gang- og sykkelsamband, mellom anna fordi fylkesvegen går i tunnel under Lyngfjellet.

Planarbeida var varsla i januar 2015, med frist til å komme med merknader sett til 13. februar 2015. I samband med varslinga vart det halde informasjonsmøte i Lindåshallen 29. januar. Lindås kommune har ikkje stilt krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova. Det skal likevel gjerast ei vurdering av eksisterande forhold og skildrast verknader av planane for miljø og samfunn. Asplan Viak er engasjert til å gjere vurderingane som gjeld nærmiljø og friluftsliv. Barn og unge sine interesser er ein viktig del av dette temaet. I formålsparagrafen §1-1 i plan- og bygningslova er oppvekstvilkår for barn og unge trekt fram som eit viktig omsyn som skal takast vare på i planlegging.

1.2 Gjeldande lovverk og føringar for temaet nærmiljø og friluftsliv

I den statlege friluftslivspolitikken vert det lagt vekt på at alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen, og at ein i all offentleg planlegging skal medverke til dette. (Klima- og miljødepartementet 2013).

Friluftsområde og tilgang til natur- og friluftsområde skal sikrast. Det skal være tilgang til trygg ferdsel, leik og annan aktivitet ved bustader, skular og barnehagar. Desse skal henge saman med ein variert grøntstruktur med gode samband til omkringliggjande natur- og friluftsområde. Gang-, sykkel- og turvegsystemet må sjåast i samanheng med heilskapleg stads- og nærmiljøutvikling. Trygg ferdsel kan også knytast til kravet om at planlegging skal bidra til å førebygge kriminalitet (Plan og bygningsloven § 3.1 bokstav f).

Spesielt skal barn og unge sikrast gode oppvekstvilkår og høve til å utvikle ferdigheiter i friluftsliv. Konsekvensar for barn og unges interesser skal vurderast og skildrast i alle planarbeid, uavhengig av krav om konsekvensutgreiing. I Rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planlegginga (www.lovdatab.no) er følgjande to hovudmål framheva:

- Sikre oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik og kvalitetar som er i samsvar med rådande kunnskap om barn og unges behov
- Ivareta det offentlege sitt ansvar for å sikre barn og unge meiningsfylt oppvekst uansett bustad, sosial og kulturell bakgrunn

Retningslinjene gir følgjande føringar:

- Areal som skal brukast av barn og unge skal vere sikra mot ureining, støy, trafikkfare og annan helsefare
- I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfolde seg og skape sitt eige leikemiljø
- Kommunen skal sørge for at det vert skaffa fullverdig erstatningsareal ved omdisponering av areal som barn bruker, uavhengig av reguleringsstatus dersom slike område vert bygt ned. Kravet kan overførast til utbygger – her Statens vegvesen og fylkeskommunen som vegeigar.


Andre viktige dokument som gir føringar er:

- Rettleiaren til RPR barn og unge (rundskriv T-2/08)
- Temaveileder T-1513 Barn og unge og planlegging etter plan- og bygningsloven
- T-1534 / 2013 Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftsområder.
- T-1535 / 2013 Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv. En satsing på friluftsliv i hverdagen; 2014-2020.
- St. meld. 40 (2002-2003) Nedbygging av funksjonshemmende barrierer
- St.meld. St. 34 (2012–2013), Folkehelsemeldingen. God helse – felles ansvar.
- St.meld. nr. 26 (2006-2007), Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand.
- St.meld. nr. 16 (2002–2003), Resept for et sunnere Norge.
- Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005–2009, Sammen for fysisk aktivitet.
- St.meld. nr. 23 (2001-2002), Bedre miljø i byer og tettsteder.
- St.meld. nr. 39 (2000-2001), Friluftsliv – ein veg til høgre livskvalitet.
- Meld. St. 26 (2012-2013), Nasjonal transportplan 2014-2023.
- Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne, Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven
- Folkehelseloven (Helse- og omsorgsdepartementet, 2011).

1.3 Tiltaka i planen

Føremålet med planen er å etablere ny gang- og sykkelveg på strekninga Skodvin skule (Skodvin Montessoriskule frå hausten 2015) og Vågseidet. Strekninga er på ca. 3km.

Breidda på gang- og sykkelvegen er 3,5 meter. Der det er plass vil det vere 3 meter grøft mellom køyreveg og gang- og sykkelveg. Der det er trangt, vil det verte sett opp rekkverk. Gang- og sykkelvegen får ikkje separat belysning, men vil få såkalla "baklys" frå hovudvegbelysning.



Figur 1 Normalprofil for ny gang- og sykkelveg

Ved Skodvin skule skal det byggjast ny gang- og sykkelbru over fylkesvegen.

Som ein del av trafiktryggingarbeidet vert det foreslått å redusere talet på avkøyrslar på strekninga, dvs. at enkelte avkøyrslar på strekninga vert foreslått samla i felles avkøyrslar. Det gjeld eigedomane gbnr. 91/7 (hytte), gbnr. 91/4 (landbruk), gbnr. 91/9 og 98/4 (hytte) på vestsida av fylkesvegen om lag ved Skodvinstjørna. Desse vert foreslått samla i ei avkøyrslar om lag der som gbnr. 91/4 har avkøyrslar i dag.

Det vert etablert fullverdige busslommer på alle busshaldeplassane på strekninga.

I samband med anleggsarbeidet vil det vere behov for mellombels rigg- og anleggsområde. Dette vil verte regulert som mellombelse arealbeslag. I planarbeidet er det vurdert areal til rigg- og anlegg på nordsida av Skodvinsvegen ved skulen, på flata mellom fylkesvegen og elva ved Gaulen, og på austsida av fylkesvegen ved busslommene ved Våge.

1.4 Metode og kjelder

Med omgrepa nærmiljø vert i denne samanheng meint vårt daglege livsmiljø og næraste omgjevnader, noko som omfattar område for ferdsel, samver, leik og opphald i nærleiken av der folk bur. Ein reknar alt frå 50 meter til 1 kilometer i avstand som nærmiljø, avhengig av aldersgruppe og tilkomst. Nærmiljø kan definerast ut frå funksjon og avstand, der det er vanleg å rekne alt innafor 1 km innafor gangavstand. Dersom ein legg til korte sykkelreiser, kan ein rekne med 3 km som akseptabel avstand for at noko skal kunne kallast ein nærmiljø-funksjon.

Med friluftsliv er her meint opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøforandring og naturoppleving.

Definisjonane av nærmiljø og friluftsliv og metodikken for vurdering av vegtiltaka sine verknader for temaa følgjer hovudtrekka i vegvesenets handbok V712 *Konsekvensanalyser*.

Hovudtrekka i metodikken er:

- Registrering og kartlegging
- Skildre og vurdere verknadene av tiltaka i planen
- Vurdere tiltak for å redusere eventuelle negative verknader
- Foreslå eventuelle avbøtande tiltak

Registrering og kartlegging inkluderer gjennomføring av ei forenkla barnetråkkregistrering (kontakt med og innspel frå skule og barnehagar i området), synfaring, og kjeldesøk i relevante databasar.

Viktige kjelder i arbeidet:

- Bergen og omland friluftsråd, BOF, www.bof.no
- Den norske turistforening, www.ut.no
- Kommunedelplan for skule 2014 – 2018. Framlegg frå Rådmannen (2015)
- Nasjonal verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminner. Statens vegvesen
- Område for friluftsliv. Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland. Hordaland fylkeskommune/Fylkesmannen i Hordaland (2008)
- Opptur Hordaland. 276 fotturar. Anne Rudsengen og Finn Loftesnes (2007)
- Turkart for Lindås og Radøy kommune. M 1:50 000 Nordhordland Turlag, Lindås og Radøy kommune (2005)
- V712 Konsekvensanalyser. Statens vegvesen (2014)
- www.Lindas.kommune.no
- www.Hundvin.no
- www.ssb.no

2 DAGENS SITUASJON FOR NÆRMILJØ OG FRILUFTSLIV

2.1 Overordna områdeskildring

Planområdet ligg i Hundvin-bygda i Lindås kommune og strekkjer seg frå Skodvin skule til Vågseidet (ca. 3 km). Planområdet følgjer dagens veg, og ny gang- og sykkelveg er lagt til vestsida av fylkesveg 57.

Lindås kommune er den største kommunen i Nordhordland, med vel 15 000 innbyggjarar (1.1.2015) og eit landskap som strekkjer seg frå høge kystfjell inn mot Stølsheimen i nordaust, og til låge kystlyngheier ved Lurefjorden. Kommunen ligg på ei halvøy, Lindåshalvøya, omgitt av fjordar og fjell som er ein del av den geologiske formasjonen som vert kalla dei Ytre Bergensbogane. Det varierte landskapet og ei lang kystline er utgangspunkt for eit rikt friluftsliv både på land og på sjøen. Kommunen har fleire større regionale friluftsområde, og eit godt opparbeidd sti- og løypenett som inkluderer padleløyper i sjø og vassdrag. Både Bergen og Omland friluftsråd (BOF) og Den norske turistforening (DNT) har merka løyper både i fjellområda og i meir lågtliggjande strøk. Tilgjengelege innfallsportar til dei større friluftsområda finst frå fleire stader, både med og utan tilrettelagte parkeringsplassar. Mange innfallsportar og startpunkt til større område fungerer som lokale turområde i sitt nærmiljø. I planområdet gjeld dette mellom anna padleløypene i Lindåsosane, og turstien til Skaunøya som er ein del av det større utfartsområdet Fjellsbøheii.

Jakt og fiske er ein naturleg del av friluftslivet i kommunen, som har eit aktivt lokallag av Norges Jeger- og fiskerforbund (NJJF) i Nordhordland Jakt- og fiskelag. Laget driv ei hagle- og leirduebane på Lindås, i tillegg er det ei skytebane på Hope. Laget arrangerer også fritidsfiskedagar. Fritidsfiske er ein naturleg del av båtlivet og er i stor grad knytt til dei mange store regionale friluftsområda i kommunen, sjå omtale av friluftsliv.

Kommunen har eit rikt kulturlandskap, og eit aktivt bygdesamfunn fordelt på mange større og mindre bygder og grender. Store avstandar og spreidd busetnad gjer at transport i kvardagslivet i stor grad er bilbasert, og at mange skulebarn er avhengige av skuleskyss. Kommunesenteret Knarvik ligg lengst sør i kommunen, berre ein liten halvtime frå Bergen sentrum. For planområdet, som ligg om lag midtvegs mellom Knarvik og Mongstad (ca. 2 mil kvar veg), er tettstaden Lindås næraste senter for mellom anna handel og service, ungdomsskule og idrettstilbod. Avstanden til Lindås er på 8-9 km.

Hundvin-bygda ligg på austsida av Lurefjorden og strekkjer seg om lag frå Leivestad i sør til Vågseidet i nord. Frå Hundvin kyrkje i sør til Vågseidet i nord er det ca. 6 km, med Skodvin Montessori-skule ganske nøyaktig midt i mellom.

Bygda har ca. 550 innbyggjarar, 200 bustader og ein nokså spreidd busetnad. I tillegg kjem ca. 160 hytter/fritidsbustader. Medan den eldre busetnaden i hovudsak er knytt til gardstun og kulturlandskap, er nyare busetnad i stor grad lagt til samla felt av ulik storleik og fordelt i grenda. Hundvinfeltet ved Lurefjorden er størst, i tillegg kjem Brundtland, Bruvoll, Fjellsbøbrekkene og Træland. Av desse er det berre feltet på Brundtland som har tilkomst frå vegstrekninga omfatta av planområdet.

Planområdet høyrer til Lindås ungdomsskulekrins, som femner om barneskulane Lindås, Myking og Skodvin. Frå hausten 2015 er Skodvin skule lagt ned, og elevane overført til Lindås skule. Langt dei fleste av elevane har likevel valt å starte skuleåret på nye Skodvin Montessoriskule, som held fram i det gamle skulebygget på Skodvin. Vidaregåande skule

ligg i kommunesenteret Knarvik. Mange går også på vidaregåande skule i nabokommunen Austrheim.

Fylkesveg 57 manglar eit samanhengande gang- og sykkelvegtilbod frå kommunesenteret Knarvik i sør til Mongstad i nord, og vegen har med sin store del tungtrafikk ein stor barriereverknad i bygdene og grendene den går gjennom. Kortare strekningar har gang- og sykkelveg parallelt med fylkesvegen, andre stader fungerer avlasta delar av gamlevegen som gang- og sykkelvegtilbod der det er bygd nye veg- og tunnelstrekningar.

Dei to strekningane Skodvin – Vågseidet og Lindås – Mongstad manglar tilbod for gåande og syklende. Mellom Vågseidet og Lindås går fylkesvegen delvis i tunnel, og her er gamlevegen om Fjellangersvingane tenkt nytta som gang- og sykkelveg. Skuleskyssen køyrer gamlevegen.

Støyvarselkart i henhold til T-1442, Lindås kommune - del I Vest frå november 2010 syner at områda inntil vegen er omfatta av raud støysone på det meste av strekninga. Det vil seie at framtidig gang- og sykkelveg vil liggje i raud støysone (berekna støynivå Lden [dBA] > 65 dBA). Nokre få bustadhus nær vegen er omfatta av raud og gul støysone, i tillegg ligg delar av utearealet til Skodvin Montessori-skule i støysone. (berekna støynivå Lden [dBA] 55 - 65 dBA). Sjølve skulebygget og bustadfeltet på Brundtland ligg utanfor støysona.

2.2 Nærmiljø

Bustadområde

Nyare busetnad i Hundvin-bygda er i stor grad lagt til samla felt av ulik storleik og fordelt mellom Hundvinfeltet, Brundtland, Bruvoll, Fjellsbøbrekkene og Træland. Brundtland har tilkomst frå planområdet si vegstrekning, frå krysset med Maråsvegen ved Torvena. Her er det per i dag bygt 13 bustader, men det er avsett eit større bustadareal i kommunedelplanen som ikkje er bygt ut eller regulert endå. Bustadfelta legg i hovudsak opp til eine- og tomannsbustader med relativt store tomter og romslege uteareal for barn og unge. Det er ikkje registrert opparbeidde leikeareal i eller ved planområdet, utover skulen sitt uteareal.

Busetnaden elles er spreidd, og det ligg bustader langs heile strekninga av fylkesvegen Skodvin – Løtveit – Gaulen – Våge – Vågseidet. Mange av dei har dårlege avkøyrslforhold med låg vegstandard og til dels dårleg sikt. Ny gang- og sykkelveg vert planlagt på vestsida av fylkesvegen, fordi hovudtyngda av busetnaden ligg her.



Figur 2 Løtveit, Gaulen og fv.57 sett frå Skausnøya.



Figur 3 Bustadfelt Brundtland (Brunnsland)

Viktige funksjonar og målpunkt

Konglevoll og krysset mellom fv. 57 Lindåsvegen og fv. 390 Vassbygdivegen er eit knutepunkt i Hundvin-bygda. Krysset, som ligg sør for planområdet, er eit viktig målpunkt med fleire funksjonar og nærmiljøaktivitetar. Her ligg daglegvarebutikken *Hundvinbu* med bensinpumper og post, *Konglevoll bedehus Betania* og *Ungdomshuset Dalheim*. Vegkrysset er nyleg bygd om og har fått planskilt kryssing til Hetlehovda og gamle Hundvinsvegen. Ungdomshuset er eigd av Ungdomslaget Nybrot, og husar lokale lag og aktivitetar for bygda. I tillegg vert ungdomshuset utleigd som fest- og samlingslokale for både private selskap, lag og organisasjonar.

Skodvin Montessoriskule ligg innafor planområdet og for seg sjølv ved fylkesvegen om lag 1,2 km nord for Konglevoll-krysset. Skulen starta opp i den gamle kommunale skulen hausten 2015, og har i alt 66 elevar. Sjølve skulebygget og uteområdet er nyoppussa i samband med at skulen vart Montessori-skule. Uteområdet er grønt og frodig med ballplass, kjøkkenhage og leike- og aktivitetsapparat. Skulen vert nytta til SFO slik at det er aktivitet på skulen i tidsrommet 0730 – 1700. Utanom skuletid og organiserte aktivitetar er det relativt få som bur så nær at skuleområdet vert nytta til uorganisert leik i fritida.

Hundvin Naturbarnehage ligg på Bruvoll, ca. 1,5 km sør for skulen og planområdet. Den private barnehagen er den einaste i Hundvin-grenda.

Hundvin kyrkje ligg på Hundvin, ca. 3 km frå skulen.



Figur 4 Skodvin Montessori-skule



Figur 5 Busshaldeplassen ved skulen

Ferdselsårer og tilhøva for gåande og syklende. Busshaldeplassar

Avstandane i bygda gjer at mykje av transporten er bilbasert. Det lokale vegnettet med kommunale og private vegar har nokså låg standard, med smale og svingete vegar der ein er avhengig av møteplassar. Dårleg sikt og til dels høgt fartsnivå gjer forholda for gåande og syklende utrygge, sjølv om trafikkmengda er låg.

Den gamle ferdselsåra og kulturminnet *Den Trondhjemske Postveg* går gjennom heile Hundvin-bygda frå Trælevikjæ sør for Nesfossen til Vågseidet i nord. Traseen vekslar mellom å gå i lokal veg i dagleg bruk, og smale stiar i gjengrodd skogsterreng.

Langs fylkesvegen er det separat gang- og sykkelveg på gamle Hundvinsvegen frå Hundvin-krysset til Konglevoll. Gamlevegen ligg på vestsida av fv. 57, og kryssar under fylkesvegen i ny, planskilt kryssing. Frå Konglevoll-krysset til barneskulen på Skodvin ligg gang- og sykkelvegen på austsida av fylkesvegen.

Nord for skulen er det ikkje gang- og sykkelveg, med unntak av ei strekning på ca. 300 meter mellom krysset med Maråsvegen (Torvena) og Gaulen. I tillegg er der eit lite stykke grusa gangveg ("dugnadsstien") ca. 500 meter nord for skulen. Elles er det ikkje eigne tilbod for gåande og syklande i området, og kjensla av utryggleik når ein går langs vegen er stor. Både på strekningane utan gang- og sykkelveg og på strekninga med gang- og sykkelveg er det også stor utryggleik knytt til kryssing av vegen i plan. Det gjeld særleg ved busstoppa, når ein skal krysse over vegen. Fylkesvegen er skuleveg, og fleirtalet av skuleelevane har skuleskyss og nyttar busshaldeplassane.

Utryggleiken er i stor grad knytt til høgt fartsnivå og høg del tungtrafikk. Trafikkmengda er på 4200 ÅDT (årsdøgntrafikk, køyretoy per døgn), berekna til 5800 ÅDT med 25 års framskriving. Tungtrafikkandelen er på heile 12%, og det er venta at denne skal auke, sett i samband med aktiviteten på Mongstad. Fartsgrensa er skilta til 80 km/t. Ved skulen er det skilta nedsett fart i skuletida, men denne vert ofte ignorert. Inn mot krysset på Vågseidet er fartsgrensa 60 km/t.

I følgje framlegg til Kommunedelplan for skule 2014 – 2018 har 9 av elevane frå Skodvin valt Lindås barneskule (tal frå feb. 2015). Både Lindås-elevane og ein stor del av Montessori-elevane har skuleskyss. (I skuleåret 2014-2015 hadde i alt 38 av 58 elevar ved Skodvin skule skyss). Også ungdomsskuleelevane til Lindås har krav på skyss.

Ved Skodvin Montessoriskule er det etablert snuplass/opstillingsplass for buss slik at elevane slepp å krysse hovudvegen. Frå busshaldeplassen er ca. 50 meter å gå langs Skodvinsvegen opp til skulen, her er det ikkje fortau eller anna skilje mellom gåande og køyrande. Skulen har berre eit fåtal parkeringsplassar, og ved henting og bringing kan situasjonen langs Skodvinsvegen verte uoversiktleg pga. manøvrering og rygging.

Bussslomma på austsida av vegen på Torvena er eit særleg utrygt kryssingspunkt både for vaksne og for dei ca. 20+ barna som bor på Brundtland og 2-5 barna som bur på austsida av vegen. I dag stoppar vegrekkverket rett før brua, noko som gir skrå og lang kryssing av vegen. Mot vatnet er det betongkant og svært smal skulder. Fartsnivået på rettstrekninga er høg.

Bussslommene på Løtveit ligg for seg sjølv utan tilknytning til avkøyrslar, slik at ein må gå langs vegen for å komme til og frå. Bussslommene på Våge ligg i tilknytning til avkøyrslar. Dei er også nytta som parkering for turgåarar til Skausnøya, sjå avsnitt om friluftsliv.

På Vågseidet er det etablert snuplass/opstillingsplass for buss og parkeringsplass med avkøyrslar til Fjellangersvingane.



Figur 6 Dagens gangveg langs Gaulelva



Figur 7 Kontrollplass, kryss og bussslommer på Torvena

"Barnetråkk" - innspel frå barn og unge i området

Hundvin naturbarnehage har i samarbeid med foreldrerådet og SU i barnehagen meldt om fleire farlege punkt dei meiner det er viktig å ta omsyn til. Eit hovudpunkt er sjølvstapt dagens situasjon der store delar av fv.57 manglar trygg gang- og sykkelveg til skule og barnehage. I tillegg påpeikar dei fleire punkt der fylkesvegen må kryssast i plan på veg mellom skule og barnehage og som vert oppfatta som utrygge:

- 2 kryssingspunkt på fv.57 like sør for Skodvin Montessoriskule, på strekninga som har gang- og sykkelveg på austsida av vegen. (Desse ligg utanfor planområdet.)
- Kryssing av fylkesvegen ved skulen
- Behov for å utvide det skilta tidsrommet for 60-sona ved skulen til 0730 – 1700 pga. SFO
- Strekninga Maråsvegen/Brundtlandsåsen – skulen; over 20 barn med utrygg veg til barnehage og skule
- Strekninga Gaulen – skulen; 5-10 barn med utrygg veg til skule og barnehage
- kryssingspunkt ved busshaldeplassen i krysset Maråsvegen x fv.57
- kryssingspunkt for 2-5 barn som bur på austsida av fylkesvegen like nord for busshaldeplassen i krysset Maråsvegen x fv.57

Skodvin Montessori-skule har vore kontakta og førespurt om innspel, men skulen har ikkje kome med tilbakemeldingar til planarbeidet.

2.3 Friluftsliv

Planområdet ligg langs eksisterande veg, og omfattar ikkje område som er i bruk til friluftsliv. Men det ligg fleire viktige tur- og friluftsområde i nærområdet som har tilkomst frå fv.57. Det gjeld også område nytta til jakt og fritidsfiske. Fylkesvegen er såleis ein viktig innfallsport til friluftsområde i influensområdet for tiltak på fv.57.

Regionale friluftsområde

Lindåspollane – Lygra; området er gitt regional A-verdi som svært viktig sjø- og strandsoneområde, og er mellom anna eit attraktivt område for padling (sjå padleløyper under). Med A-verdi er meint område der det ikkje bør skje inngrep eller utbygging. Området omfattar mellom anna Kvalvågneset, som er statleg sikra friluftsområde. Vågseidet er ein av fleire innfallsportar til friluftsområdet. Det er mogleg å parkere på parkeringsplassen ved busshaldeplassen og ved Vågseidestranda ferjesenter.

Eidsvatnet – Langavatnet; området er gitt regional B-verdi som viktig sjø- og strandsoneområde, og er også område nytta for padling. Med B-verdi er meint område der det ikkje bør skje inngrep som forringar funksjonen som friluftsområde. Vågseidet er ein av dei lettast tilgjengelege innfallsportane til friluftsområdet.

Fjellsbøheii; området er gitt regional B-verdi som viktig utfartsområde. Stien til Skausnøya som startar ved fv.57 ved busslommene på Våge rett sør for Vågseidet er ein viktig innfallsport til området. Det er mogleg å parkere på parkeringsplassen på Vågseidet og gå om lag 400 meter langs fylkesvegen for å komme inn på stien, men det er mange som parkerer i og ved busslommene og langs vegen. Frå Skausnøya kan ein gå vidare sørover langs fjellryggen til Selifjellet og ned til Vik, lengst sør i Hundvin-grenda.

Lokale tur- og friluftsområde

Den gamle ferdselsåra og kulturminnet *Den Trondhjemske Postveg* går gjennom heile Hundvinbygda frå Trælevikjæ i sør til Vågseidet i nord, ei strekning på 8 km. Traseen vekslar

i standard og utforming, og vert i all hovudsak nytta som lokal turveg. Frå Gaulen og nordover til Vågseidet går postvegen nær inntil fv.57. Ved Våge er den samanhengande traseen brote av nyare vegtiltak, slik at dei siste 400 metrane av traséen mellom Våge og Vågseidet i liten grad er nytta, i staden går ein langs fylkesvegen fram til Vågseidet.

Skausnøya er den nordlegaste toppen langs ryggen av Fjellsbøheii. Toppen på 363 moh når ein etter ein tur på om lag 2 km frå fv.57 ved Våge. Tilkomst og parkering til turstien er identisk med tilkomsten som er skildra for regionalt friluftsområde Fjellsbøheii, dvs. frå busslommene på Våge. I merknad frå turgruppa i Lindås Idrettslag er det oppgitt at Skausnøya hadde 10 000 registrerte besøkande i tursesongen 2013/2014. Toppen er ein av 10 toppar i DNT Ung si satsing Ungdomsklippen i 2015. Idrettslaget ønskjer å få inn godkjente parkeringsplassar ved startpunktet for turen som ein del av reguleringsplanen, for å unngå dei trafikkfarlege situasjonane som oppstår når det vert parkert langs fylkesvegen og i busslommene.

Fjellsbø friluftsområde er ein annan innfallspurt til fjellområdet Skausnøya-Fjellsbøheii med utgangspunkt i planområdet. Parkering er drifta av Bergen og omland friluftsråd (BOF), med tilkomst frå fv.57 ved Skodvin Montessoriskule.

Padleløyper

Lindås har ei rekkje sund, vågar, saltvasspollar og vassdrag som er godt eigna for padling. BOF har avtale om bruk av ni område til rasting og telting langs fire padleløyper i og rundt Lindåsosane. For løypene i Lindåsosane og vassdraga rundt er Fjellangsvågen og Eidsvatnet ved Vågseidet gode utgangspunkt for å setje ut kano eller kajakk i løypa.

Padleløype 4, Hundvinsvatnet, har utsettingspunkt og parkeringshøve ved Bruvoll camping. Det ligg ca. 3 km sør for planområdet, og er utanfor influensområdet for tiltaka i planen.



Figur 8 | alt 8 bilar parkert i busslommene på Våge på ein måndag ettermiddag.



Figur 9 Utsyn mot Vågseidet, Fjellangervågen og Lindåspollane frå Skausnøya



Figur 10 Postvegen vekslar i standard, frå veg til nesten gjengrodd sti.

3 VERKNADER AV PLANEN

Hovudformålet i planen, gang- og sykkelveg, er i samsvar med gjeldande lovverk og føringar knytt til heilskapleg nærmiljøutvikling og trygg ferdsel for alle brukargrupper, også barn og unge. Tiltaket gir Hundvin-bygda samanhengande gang- og sykkelveg langs hovudvegen heilt frå Hundvin til Vågseidet, og legg til rette for auka aktivitet i dagleglivet med å gjere det tryggare og lettare å gå og sykle.

I tillegg legg gang- og sykkelvegen til rette for å kunne velje trygg ferdsel til nære turområde utan bilbruk. Tiltaka i planen støttar opp om overordna, nasjonale målsettingar om auka aktivitet i dagleglivet og tilgang til friluftsområde og nærmiljøaktivitetar.

3.1 Verknader for nærmiljø

Dei viktigaste verknadene for nærmiljø-funksjonane i Hundvinbygda er positive og knytt til trafikktryggleik og auka tilkomst til viktige funksjonar og målpunkt:

- Samanhengande gang- og sykkelveg frå Hundvin til Vågseidet knyter bygda saman i eit trygt alternativ for gåande og syklande på ei strekning med spreidd busetnad og funksjonar
- Redusert barriereverknad
- Planskilt kryssing i bru over fylkesvegen ved skulen gir trygg kryssing av vegen for gåande og syklande i eit utrygt punkt
- Fleire kjem innafør trygg sykkelavstand til viktige målpunkt som skulen og butikken og ungdomshuset på Konglevoll

Bustadområde

Ny gang- og sykkelveg vil leggje beslag på areal på vestsida av fylkesvegen på heile strekninga. Det ligg 3 bygningar så nær vegen at uteareala deira vert råka. Det gjeld fritidsbustad/hytte på gbnr. 91/9 på Skodvin, bustaden på gbnr. 99/17 på Vågseidet, og 99/27, tidlegare hotellet Lune huler, no under ombygging, også på Vågseidet. Sjølve arealinngrepa er små, men for hytta på Skodvin må parkeringsplass og tilkomst (som i dag ligg tett på vegen) leggjast heilt om.

Enkelte avkøyrslar på strekninga er foreslått samla i felles avkøyrslø. Det gjeld eigedomane gbnr. 91/7 (hytte), gbnr. 91/4 (landbruk), gbnr. 91/9 og 98/4 (hytte) på vestsida av fylkesvegen om lag ved Skodvinstjørna. Desse vert foreslått samla i ei avkøyrslø om lag der som gbnr. 91/4 har avkøyrslø i dag, av omsyn til trafikktryggleik. Det vil medføre at det vert køyring til desse eigedomane på ein om lag 300 meter lang strekning av gang- og sykkelvegen. Trafikken vil vere svært liten, då dette er fritidseigedomar og landbrukseigedomar. I tillegg vil bustaden på gbnr. 99/17 på Vågseidet vil få tilkomst via gang- og sykkelvegen, ca. 100 meter, som i dag. På strekningane der det vert gitt løyve til køyring på gang- sykkelveg vert vegskulderen asfaltert slik at asfaltert breidde vert utvida til 3,5 meter.

Skodvin Montessori-skule

Ny planskilt kryssing i bru over fylkesvegen ved skulen vil gjere det tryggare å krysse vegen. Den nye brua krev inngrep i utearealet ved skulen i området ved ballplassen. Området er nyoppussa og mykje brukt både av skule og SFO. Skuleplassen er det einaste leike- og opphaldsarealet som vert direkte råka av tiltaket. Det må vurderast kompensierende tiltak slik at arealinngrepet ikkje går ut over skuleplassen sin funksjon. Kompensierende tiltak kan også vere avbøtande tiltak som foreslått i pkt. 3.4.. Tiltaka må vurderast i samarbeid med skulen.

Tilhøva for gåande og syklende

Tiltaket gir Hundvin-bygda samanhengande gang- og sykkelveg langs hovudvegen heilt frå Hundvin til Vågseidet. Frå Skodvin Montessori-skule er det om lag 3 km til Hundvin, og om lag 3 km til Vågseidet. Det vil mellom anna seie at byggjefeltet på Brundtland, som er det største bustadfeltet langs strekninga, får ein sykkelavstand både til skulen og til Konglevoll som gjer at det fell inn under akseptabel sykkelavstand i eit nærmiljø.

For busetnaden på austsida av vegen og ved busshaldeplassane vil det vere behov for å krysse vegen for å komme til gang- og sykkelvegen. Der det er 3 meter ope areal mellom køyrevegen og gang- og sykkelvegen kan køyrevegen kryssast effektivt og trygt rett over, medan tilkomst vil vere dårlegare på strekningar med rekkverk.

Det bør leggjast vekt på detaljløysingar som gir best mogleg nytteverdi av det nye gang- og sykkelvegtilbodet. Tiltak som vil auke tilgjengelegheit, bruksverdi og bidra til universell utforming vil vere

- fortau i busslomma må ha nedseinka kantstein der vegen skal kryssast
- opningar i rekkverk der det er behov for rask kryssing av vegen
- gangbane over midtrabatt / grøft der den skal kryssast
- utvida skulder på austsida av vegen der det er behov for å gå langs vegen (asfaltert eller med grusfraksjon som tilfredsstillar krav til UU)

Strekninga Torvena busshaldeplass – Gaulen – Løtveit busshaldeplass (ca. 750 m): For å unngå utfylling i Gaulenvassdraget er det planlagt rekkverk. Ved avkøyrsla like nord for brua over Gaulelva vert det planlagt opning i rekkverket. For dei andre som bur på austsida på strekninga vil vegrekkverket hindre direkte kryssing av vegen, slik at dei må gå langs vegen for så å krysse over ved ein av dei to busshaldeplassane. Ut frå nærmiljøomsyn vil vi foreslå at det vert lagt til rette for gangbane i form av utvida skulder på 1,5 meter på austsida av vegen på denne strekninga. I vegnormalane (handbok N100) vert ikkje denne løysinga tilrådd på strekning definert som skuleveg, men dersom skulevegen her vert definert som gang- og sykkelvegen på vestsida, kan utvida skulder på austsida reknast som eit tilkomst- og tryggleikstiltak for dei som bur på strekninga.

I området ved Torvena skjer det svært mykje; busshaldeplass, kryss med Maråsvegen, og kontrollplass for køyretøy. Busslomma på austsida ligg tvers overfor vegkrysset og busshaldelomma på vestsida, og kryssing av vegen vert lang. Dei som bur nord for brua over Gaulelva må krysse vegen to gonger. Det er planlagt opning i rekkverket tvers overfor avkøyrsla rett nord for brua. Det bør vurderast om det finst alternative løysingar som gir betre tryggleikskjensle og samband mellom aust- og vestsida her, for eksempel om busslomma på austsida kan flyttast nord for brua.

Alternativsvurdering ved Våge

Vegvesenet har saman med kulturminnestyresmaktene vurdert alternative løysingar ved Våge for å unngå å komme i konflikt med Postvegen som kulturminne.

I alternativ 1 går gang- og sykkelveg parallelt og i nivå med fylkesvegen, slik at postvegen vert øydelagt på dei siste 300 metrane av strekninga frå busslommene på Våge. Denne delen av postvegen er lite brukt som ferdselsåre, og for nærmiljø vil det ha lite å seie. Sør for Våge bør det vere mogleg å tilpasse gang- og sykkelvegen, slik at ein unngår direkte konflikt med postvegen.

Det er også vurdert å nytte postvegen slik den ligg opp på dagens vegskjering som gang- og sykkelveg. Det inneber å løfte gang- og sykkelvegen opp over vegen i stigning, noko som fort kan oppfattast som ei hindring som fører til ein vel å gå langs hovudvegen. I tillegg til at sjølve høgdeforskjellane er ei hindring, vil det gje auka nærføringsulempar for gbnr. 99/17,

der postvegen ligg tett på huset. Ein annan variant av dette, der gang- og sykkelveg vert lagt på vestsida av postvegen, er også vurdert. Varianten vil ha dei same ulempene i forhold til høgdeforskjell og nærføring, og kunne oppfattast som ein endå større omveg. For nærmiljø vil vi rå til at det vert skilt mellom tiltaket gang- og sykkelveg og kulturminneomsyn, og at gang- og sykkelveg uansett alternativ ligg i høgde med vegen.

I alternativ 2 er heile fylkesvegen med gang- og sykkelveg vurdert flytta mot aust i ei strekning på ca. 1 km frå Løtveit til Vågseidet, for å unngå Postvegen. Det medfører inngrep i eigedomane på austsida, særleg på første halvdel mellom Løtveit og Våge busshaldeplassar. For. 99/19 er inngrepet vesentleg, då huset/hytta her vert direkte råka. For eigedomane med gbnr. 99/28 og 5 må avkøyrsløse og tilkomstveg leggast noko om. Med unntak av gbnr. 99/19 ligg husa på austsida i dag utanfor vegens støysone, men flytting av vegen kan føre til at bustadane får auka støynivå.

For nærmiljø vurderer vi det slik at alternativ 2 gir unødvendig store inngrep og negative verknader på austsida av fylkesvegen i forhold til kva ein oppnår for nærmiljøet med å ta vare på denne siste delen av Postvegen. Gang og sykkelveg bør liggje parallelt med og i nivå med fylkesvegen, uavhengig av om ein vel å ta vare på postvegstrekinga eller ikkje.

3.2 Verknader for friluftsliv

Friluftsområde

Med unntak av Postvegen vert ingen friluftsliv- og turområde direkte råka.

Dei viktigaste verknadene for friluftsliv i og ved planområdet er positive og knytt til auka trafikktryggleik og tilkomst til viktige innfallsportar til friluftsliv- og turområde. Samanhengande gang- og sykkelveg knyter bygda saman i eit trygt alternativ for gåande og syklende, og kan for eksempel saman med Postvegen gje betre høve til rundløyper for turar.

Alternativsvurdering ved Våge

Alternativa som er vurdert ved Våge kan få verknad for tilkomsten til turområdet Skausnøya som er ein av innfallsportane til Fjellsbøheii, utfartsområde med regional verdi.

I alternativ 1 vert postvegen øydelagt på strekinga frå busslomma på Våge til vegkrysset på Vågseidet. Den ca. 300 meter lange strekinga er lausriven frå resten av Postvegen og vert ikkje nytta som turveg i dag.

I alternativ 1 ligg gang- og sykkelveg parallelt og i nivå med fylkesvegen, noko som gir lett og direkte tilkomst frå parkeringsplassen / bussnuplassen på Vågseidet til startpunktet for turstien til Skausnøya. Det er sannsynleg at det kan få fleire til å velje å parkere her og gå trygt på gang- og sykkelvegen til starten av turstien, i staden for å parkere i busslommene/avkøyrsløse på Våge som mange gjer i dag. Det vil vere ei forbetring av dagens situasjon. I alternativ 1 bør det vurderast å utvide sona med 60 km/t på Vågseidet slik at kryssing av fylkesvegen kjem innafor sona.

Det er vurdert å nytte postvegen slik den ligg opp på dagens vegskjering som gang- og sykkelveg. Det inneber å løfte gang- og sykkelvegen opp over vegen i stigning, noko som fort vert ei hindring som fører til at turgåarane til Skausnøya vel å gå eller parkere langs hovudvegen som i dag, slik at ein ikkje får like positiv verknad for tilkomsten til friluftslivsområdet. Det gir heller ikkje betre kopling til postvegen vidare sørover, utan ytterlegare tiltak.

I alternativ 2 vert postvegen bevart på strekninga frå busslomma på Våge til vegkrysset på Vågseidet. Fylkesvegen vert flytta austover, slik at gang- og sykkelvegen vert lagt i dagens køyreveg. Det vil gje same verknad for tilkomst frå Vågseidet til startpunktet for stien til Skausnøya som alternativ 1, men liten verknad for bruk av postvegen utan ytterlegare tiltak for å knytte denne delen til resten av traseen. I alternativet vert det vurdert å nytte utfyllingsområdet på austsida av vegen til rigg- og anleggsområde, og leggje til rette for turparkering i området etter anleggsslutt. For friluftsliv vil denne etterbruken vere eit godt tiltak som er viktigare enn eventuell bevaring av 300 meter av postvegtraseen.

For friluftsliv vert det vurdert som viktigast å leggje til rette for best mogleg tilkomst til Skausnøya, uavhengig av alternativ. For å få positiv verknad av å bevare postvegen, bør det gjerast tiltak som knyter dei siste 300 metrane saman med resten av den 8 km lange traseen. Alternativ 2 som tek vare på postvegen og opnar for dette vert derfor vurdert som svakt meir positiv for friluftsliv enn alternativ 1.

3.3 Verknader i anleggsperioden. Rigg- og anleggsområde

Anleggsperioden vil normalt leggje midlertidig beslag på større areal til anleggs- og riggområde enn det ferdige vegtiltaket. Det må reknast med at avkøyrslar, stiar, turveggar og andre nærområde til vegen kan verte vanskeleg tilgjengelege, lagt om eller stengt i periodar. Det må også reknast med støy i nærområda til veganlegget, både for skulen, fastbuande, hytteeigarar og turgåarar.

I særleg mykje brukte område må det leggjast til rette for trygg ferdsel og bruk av områda gjennom heile anleggsperioden. Det gjeld spesielt ved Skodvin Montessori-skule, der ein må inn på sjølve skuleplassen for å byggje ny gangbru. Det gjeld også på Våge, ved turstarten til Skausnøya.

Vegvesenet har vist til 3 moglege område for rigg og anlegg:

Riggområde ved skulen

Alternativet er ikkje ønskeleg sett frå eit nærmiljøperspektiv. Vegsituasjonen her er allereie uoversiktleg og trong med rygging og manøvrering ved henting og bringing, og parkering langs veg. Frå buss-snuplassen og opp til skulen er det ikkje separat fortau/gangbane. På lengre sikt kan det likevel vere positivt dersom riggområdet kan regulerast og nyttast til å byggje parkeringsplass ved anleggsslutt, og slik gje skulen ein varig betre tilkomst- og parkeringssituasjon. Skal området nyttast må det leggjast vekt på å separere anleggstrafikk frå buss- og hente-/bringe-situasjonen, og det må etablerast sikra gangbaner.

Riggområde ved Løtveit

Arealet er ikkje i direkte konflikt med verken bustadområde eller andre funksjonar, og vert vurdert som det minst konfliktfylte ut frå omsyn til nærmiljø og friluftsliv.


Riggområde ved Våge

Plasseringa er i følgje vegvesenet aktuell dersom alternativ 2 med flytting av veg mot aust og oppfylling av terreng vert valt. Alternativet krev store terrenginngrep og er utfordrande for tilkomsten til bustad og Skausnøya i anleggsperioden. På lengre sikt kan det vere svært positivt for friluftsliv, dersom riggområdet kan regulerast og nyttast til å byggje parkeringsplass for turområdet ved anleggsslutt. Det vil gje trafikksikker tilkomst og hindre parkering langs og kryssing av veg. Skal området nyttast må det leggjast vekt på trygg tilkomst for brukarane i heile anleggsperioden.

3.4 Avbøtande tiltak

Avbøtande tiltak vert normalt gjennomført for å unngå eller redusere negative verknader, men tiltak kan også gjerast for å forsterke moglege positive konsekvensar. Vi vil føreslå følgjande tiltak:

- kompensasjon for arealbeslag og inngrep i utearealet til Skodvin Montessori-skule
- støyskjerming av utearealet ved skulen
- etablering av fortau langs Skodvinsvegen frå busshaldeplassen til skulen
- etablering av parkeringsplass ved skulen
- utvide tidsrommet for redusert fart i sona ved skulen (SFO)
- etablering av brei skulder på austsida av veggen på strekningar der det vert nytta rekkverk mellom køyreveg og gang- sykkelveg, slik at dei som bur på austsida kan gå trygt til næraste kryssingspunkt (spesielt Torvena – Løtveit busshaldeplass)
- støyskjerming av bustader i raud støysone
- dersom dei hamnar i gul støysone som følgje av flytting av veg; vurdere støytiltak også for eigedomane på austsida av veggen ved val av alternativ 2 på strekninga Løtveit – Våge (gbnr. 99/7, 99/28, 99/5)
- Tiltak for å knytte dei siste 300 metrane av Postvegen saman med resten av turvegen ved val av alternativ 2 på strekninga Løtveit – Våge, for å auke bruksverdien av å ta vare på strekninga
- etablering av parkering på austsida av veggen ved starten av turstien til Skausnøya, uavhengig av riggplass/alternativ 2



Vågseidet

Eidsvatnet
Eidsvatnet - Langavatnet
B-verdi

Fjellangsvågen

Lindåspollane - Lygra
A-verdi

Sævråsvegen

Gaulen

Vågsliå

Løvteit

Skausnøya

Den Trondhjemske postveg

Fjellsbøhei
B-verdi

Marasvegen

Brunnsland

Skodvinsvatnet

Skodvinstjerna

Træland

Skodvin
montessoriskule

Fjellsbø


Tveitarås

Konglevoll

Hundvin

Nærmiljø og friluftsliv - grunnlag

- Plangrense
- Barnehage / barneskule
- 1km frå barneskule
- ▲ Turmål
- ▲ Innfallsport/ P-plass
- Turløype (DNT / ut.no)
- Trondhjemske postveg
- Sti
- Traktorveg
- Bustad
- Svært høg verdi
- Høg verdi
- Verdi



pnr532317 - 27.09.2015



Barn og unge sine interesser

★ Farleg kryssingspunkt

— Manglar tilbod for mjuke trafikantar

0 100 200 400

m

25.09.2015

